



Paneda AS,  
N-6740 Selje, Norway

tlf. (+47) 06741  
www.paneda.no  
org.nr.: 982984637

## PRESSEMELDING

Selje, den 04.02.09

### **PANEDA byggjer ut for NRK, TV 2 og MTG/Viasat**

Selje-firmaet har fått kontrakt på å byggje ut DMB-nettet for Norges mobil-TV AS (NMTV), eit selskap som er eigd av dei tre største kringkastarane i Noreg.

Frå og med april kan 1,4 millionar innbyggjarar i Stor-Oslo nyte godt av 9 TV-kanalar som NMTV skal kringkaste via distribusjonsteknologien DMB (Digital Multimedia Broadcasting) til mobile mottakarar. I første omgang er det eit prøveprosjekt som går til 1. juli 2011. Om mobil-tv-tilbodet vert teke godt imot ønskjer NMTV å utvide til også andre delar av landet.

- Vi finn det særst hyggjeleg å få dette oppdraget og ser på det som ei tillitserklæring at det kjem frå NMTV med sine store eigarar. Det synleggjer at Paneda er i ferd med å hevde seg som eit viktig firma for utbygging av sendarutstyr i Noreg. I løpet av hausten vert vi ferdige med vår del av utbygginga av det digitale bakkenettet, og vi er glade for at vi no kan få vere med på utbyggja av eit heilt nytt DMB-nett i Noreg, seier Geir Gjörsvik som er dagleg leiar i Paneda.

Paneda har ekspertise innan ulike sendar- og distribusjonsteknologiar. Selskapet la vekt på ei brei leveranse, ein open prosess mot NMTV og utvikling av nye løysingar for m.a. tunellar. Det bidrog til at Paneda fekk oppdraget i konkurranse med andre aktørar. Prosjektet er så spennande at også Innovasjon har funne å kunne tildele 1,9 millionar kroner til aktørane som står bak.

- Paneda har imponert med kreative løysingar, fleksibilitet og riktig kompetanse. Vi ser fram til å saman lære meir om korleis mobil-TV best bør drivast på ein suksessfull måte i Noreg. Det seier Gunnar Garfors som er dagleg leiar i NMTV. Sjølv kjem han frå Naustdal i Sunnfjord.

Paneda tek sikte på å ha ferdig bygd ut dei ti sendarane frå 5 antenneposisjonar tidleg i april, slik at alt vil vere klart for lansering mot slutten av vårmånaden.

#### **For meir informasjon, kontakt**

Geir Gjörsvik, dagleg leiar i Paneda, 450 27 175, [geir.gjorsvik@paneda.no](mailto:geir.gjorsvik@paneda.no)  
Gunnar Garfors, dagleg leiar i NMTV, 40 00 00 22, [gunnar.garfors@nrk.no](mailto:gunnar.garfors@nrk.no)